

G-MOM-27

Objekt: Vogge



Type objekt:

Barnevogge fra bruk 7

Historie: Så langt vi kjenner til, har denne barnevogga vore i huset på br. 7 på Mongstad så lenge bruket eksisterte. Bruk nr. 7 vart skilt ut fra bruk nr. 1 på Mongstad i 1884 og hadde ei sentral plassering med Mongstadvågen mot vest og Rotevika/ Fensfjorden mot aust. Eigar var Ivarson Mongstad f. 1869 som gifta seg med ei Masfjordjente, Tilla Mathea Kallhovde f. 1870. Eit år seinare døydde Tilla i barselseng da gute Torvald Ingolf vart føddd. Ivar Ivarson Mongstad gifta seg seinare med Helena Olsdotter Holmås f. 1871 . Ho hadde vore Tilla sin gode venninne og tremenning. I dette ekteskapet fekk dei 9 born, 3 gutar og 6 jenter. Til saman 10 born vakse opp på dette tunet i perioden 1885-1915. Ivar Ivarson Mongstad deriv gardsbruk nr.7 fram til 1942 då dottrea Borgny og mannen Nils Steine overtok garden. Dei hadde 3 gutar i alderen 3-11 år. Barnevogga har såleis berre vore i bruk av Ivar sin barneflokk. Vogga har stått lagra på bruk nr. 7 på Mongstad fra til fråflytting i 1972- Deretter har den stått lagra i huset på Hope der Nils og sonen Bjarne flytta til 1 1975.



Mongstad Museet

Skjereverket er saubunde med rama paa ymse vis; oftast ligg det no ved framkanten paa raama, og daa har koyrekaren det beste oversynet.

Stubbhogda kan ein maate baade med dei hjul eller skor, som skjereverket ligg paa, og med ei stubb-stellingsgreie, som er laga slik at naar koyrekaren dreg i ein vaag-aram, faar han dermed fingrane til aa peike noko meir upp eller ned. Og det kan han gjera med maskina er i gong.




Fig. 54. W. A. Woods slaamaskin.

Elles er det mange smaating, som gjer sitt til at alt gaar godt: Skruvar og skruvmorer sit slik at dei ikkje losnar; smørehola har løk som let seg sjølv att; i mange smørehol er det veike, som dreg olja jamt inn i lagret; heile utvekslinga er innkapsla, so det ikkje skal koma jord og dumbe inn o. m. sl.

Ei slaamaskin skal vera bygd slik at ho veg jamt, ikkje ligg for mykje paa hestane; daa gaar ho lettast.

Det er slaamaskiner baade for ein og tvo hestar:

Einhests-maskiner bruker dei mest i brattlende og i staa gardar. Dei er lettare en tvohests-maskinene, men